



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Opplæringstilbodet 2019-2020

Viser til sak om opplæringstilbodet 2019-2020 som hovudutval for opplæring handsamar 20.11.2018.

Sogn regionråd er oppteken av at tilbodet i vidaregåande opplæring sikrar arbeids- og næringsliv sitt behov for arbeidskraft. Tilbodet i regionen må ha tilstrekkeleg breidde til å treffe dei fleste elevane sine behov for å gå på skule i rimeleg avstand til heim og heimkommune.

Sogn regionråd er usamd i at det vert gjort store endringar i tilbodsstrukturen som å leggja ned fylkesdekkande linjer året før yrkesfagløpet blir omstrukturert nasjonalt.

Vår region kjem svært dårleg ut i høve til fylket elles. Samanlikna med utlyst tilbod i 2018-2019 får Sogn 96 færre plassar medan resten av fylket får auke med 222 plassar. Sogn regionråd finn det urimeleg at Sogn får så stor reduksjon i tal plassar.

Sogn regionråd meiner forslaget frå fylkesdirektøren ikkje gir god nok kapasitet innan yrkesfag slik næringslivet har meldt behov om. Forslaget frå fylkesdirektøren inneber at viktige programområde ikkje vert tilbydd i vår region. Dette gir ungdommane i Sogn færre valmoglegheiter enn resten av fylket.

1. Frisørfaget (Høyanger) og restaurant- og matfaget (Sogndal) utdannar arbeidskraft som næringslivet har behov for. Sogn regionråd ber om at desse to yrkesfaga vert vidareførde. Auke i elevtalet for kommande år bør gje rom for å imøtekoma vidareføring av utdanningar som næringslivet etterspør. Sogn regionråd ber om at frisør vg2 ved Høyanger og restaurant- og matfag i Sogndal vert lyste ut.
2. Næringslivet i vår region etterspør mediekompetanse. Det nye programmet IKT og medieproduksjon frå 2020 vil byggje opp under næringslivet sine behov. Tilbodet om medium og kommunikasjon i Sogndal bør vidareførast og lysast ut neste skuleår.
3. Årdal kommune vil saman med Årdal vidaregåande skule og grunnskulen etablere utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov i Årdal og regionen.
 - Utvikle samarbeidet mellom Årdal vidaregåande skule, Sitep AS og Sogn Opplæringskontor
 - Samarbeide tett med Sogn Opplæringskontor for å styrke fagutdanninga i den vidaregåande skulen.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd